

Til Alver kommune  
V/Eigendomsavdelingen

## **Dale Bygdelag er interessert i å overta Dale Grendahus**

Årsmøte i Dale bygdelag hadde årsmøte 19.03.2023 og gjorde følgjande vedtak:

*Dale bygdelag har stor interesse til å overta Dale Grendahus etter «Bygdetakst»*

Årsmøte ber styret i Dale bygdelag om å gi denne meldinga skriftleg til Alver Kommune.

Dale Bygdelag vart stifta 10.november 1996

Formål er::

Dale Bygdelag har til formål å ta vare på og utvikla bygda sine interesser, til beste for innbyggjarane. Laget skal stimulere til samarbeid innad i bygda og likens samarbeid med andre bygdelag, kommunen og andre som er naturleg å samarbeida med.

Alle som bur i tidlegare Dale skulekrins er medlem i Dale Bygdelag.

Alle medlemmer som fyller 15 år i kalenderåret i kalenderåret, har røysterett.

Dale Bygdelag er registrert i Brønnøysundregisteret.

I desse 27 åra har bygdelaget hatt eit godt samarbeid med Radøy kommune, no Alver. Bygdelaget har utført ein god del utbedringsarbeid i desse åra, samt organisert utleige av bygget.

I tillegg har huset vore brukt til tiltak i bygda.

Årlig , om våren ,bossrydding langs veien Lunde, Taule, Hole , Dale ,Olsvold ,og Nøtlevågen.

Jonsokfeiring for alle generasjoner, med stort oppmøte ,quiz kvelder og andre fellesaktiviteter, brukt til musikkøvingar for korpsmiljøet i periodar.

Aktiviteter for ungdom, discotek for «dei yngste» Bordtennis, og fotballspill på plassen utenfor for å nevne noko.

Før pandemi hadde vi årlige basarer med godt overskudd.

Husflidlaget disponerer deler av bygget , og Radøy kommune har drive barnehage fram til for få år sidan. Vi har hatt godt samarbeid med begge.

Som årsmøte gav utrykk fo,r vil vi i bygda har stor bruk for dette samligspunktet , Dale Grendahus . Vi vil gjerne bidra til å vedlikehalda og utvikla fellesskap og trivsel i bygda for alle generasjoner, og viser til vårt formål.

Vi ber om at Alver Kommune tar en vurdering av dette ønsket. Ser farm til tilbakemelding.

Sæbøvågen 04.05.2023

Med helsing

Karolina Vaktskjold  
Leiar i styret Dale Bygdelag

# Notat i samband med møte med Alver kommune

## 13.09.2023

Dale skule vart teken bruk i 1938. Tomten var ei gåve fra Johannes Dale og mykje arbeid vart gjort på dugnad av bygdefolket.

I 1973 vart skulen i Austmarka opna og Dale vart ikkje lenger brukt som skule.

MA og Radøy fritidsklubb brukte bygget i fleire år , altså tilbod først og fremst til barn og unge. I 1986 brann bygget ned og bygd opp att av forsikringsmidlar.

Forsikringa var god og dekkja godt oappttbygginga. No vart utforminga av bygget eit Grendahus samt lokale til bibliotek. Kjelleretasjen har fra den tid fram til 2019 blitt brukt til barnehage. Biblioteket vart flytta til Manger og husflidlaget har brukt lokale sidan, til dei no i 2019 flytta i kjellaren, der barnehagen var.

I 1996 ville kommunen selge huset. Bygdefolket etablerte då Dale bygdelag og fekk sikra at grendahuset framleis var eit Grendahus for bygda. I denne perioden fram til idag har bygdelag utført mykje vedlikeholdsarbeid. **Utvendig** : Skifta nødvendig kledning og malt, reparert ein vegg, skifta vindauge, reparert tak. Bygdelaget skaffa brukt takstein av same type.. I samband med eit innbrot i bygget , reparerte / erstatta bygdelaget fleire dører og rydda opp i nokre mindre skadeverk . **Innvendig**: skifta kjøkken, reparert undergulv og skifta golvbelegg samt malt panelet innvendig i salen. Mindre forefallende vedlikehald på tekniske innstallasjoner, /(Elektro VVS) .Utvendig vedlikehald av tomteområdet.

Materiell til utvendig vedlikehald har for det meste blitt dekkja av kommunen. Vi har ikkje dokumentert dugnad med estimert eller telt timar, men det er utført betydelig arbeid på dugnad.

Formål er::

Dale Bygdelag har til formål å ta vare på og utvikla bygda sine interesser, til beste for innbyggjarane. Laget skal stimulere til samarbeid innad i bygda og likens samarbeid med andre bygdelag, kommunen og andre som er naturleg å samarbeida med.

I desse 27 åra har bygdelaget hatt eit godt samarbeid med Radøy kommune, no Alver. Bygdelaget har utført ein god del utbedringsarbeid i desse åra, samt organisert utleige av bygget.

I tillegg har huset vore brukt til tiltak i bygda.

Årleg , om våren, bossrydding langs veien Lunde, Taule, Hole , Dale ,Olsvold , og Nøtlevågen.

Jonsokfeiring for alle generasjonar, med stort oppmøte ,quiz kvelder og andre fellesaktiviteter, brukt til musikkøvingar for korpsmiljøet i periodar.

Aktivitetar for ungdom, discotek for «dei yngste» Bordtennis, og fotballspill på plassen utenfor for å nevne noko.

Før pandemi hadde vi årlige basarer med godt overskudd.

Bygdelaget har og bidrege med betalt Båtførarkurs for ungdommer  
Sett ut rastebenkar i turområder .

Vi vil no vise til kva Radøy kommune har gjort med dei grendaskulane som har vorte nedlagt som skulebygg i åra fra 1974.

Kolstad	Grendahus for bygda - pris 10.000 i 1990
Marås	Grendahus for bygda - pris 10.000 i 1987
Nordanger	Grendahus for bygda- pris 1.000 i 1974
Dale	Grendahus for bygda i kommunenes eige fram til idag
Tjore	Selt til private
Risnes	Selt til private
Sætre	Grendahus for bygda - pris 50.000 i 1998

Vi legg til grunn at Dale Grendahus er eit nedlagt skulebygg som dei andre.

Årsmøtet og styret vil be Alver kommune om å få overta bygget til ein symbolsk pris slik dei andre skulane har fått før oss.

Bygget er no over 30 år og krev etter kvart meir vedlikehald. Mellom anna treng taket vedlikehald evt. må ein legge nytt.

Å drifta bygget har vi estimert til min. 60.000, vedlikeholdsutgifter kjem i tillegg.

Inntektene :

Noko utleige

Basar

Utleige til Husfliflaget

I Dale krins er det på mange måtar eit generasjonsskifte. Fleire unge har etablert seg med familiar, ein god del unge bur her, samt og ein eldre generasjon.

Vi ynskjer å nytta huset til aktiviteter/ kulturaktiviteter i bygda for ulike aldersgrupper til sjølvkost, ikkje primært for å skaffa inntekter.

Det er gunstig for bygda å ha ein plass til utleige for ymse private formål.

I Radøy er no Smith pensjonat avvikla og vil gjera behovet større.

Vi vonar vi får huset til ein pris så vi slepp å innhenta kapital fra bygdefolket,

Det er stor vilje til dugnad og anna aktivitet som kan gi oss litt inntekt slik at vi kan ivareta bygget og området til det beste for innbyggjarane og Alver kommune.

Sæbøvågen 12.09.23

Styret i Dale bygdelag

Karolina Vaktskjold